



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 02.05.2023 kl. 17:15-19:20

Stad: ASKVOLL

Frammøtte medlemmer:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Karen Anny Espedal	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Arnt Johnny Langeland	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:

Ingvild Loftheim	Varamedlem
Aud Kari Steinsland	Varamedlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Andre møtande:

Sabina Baylarbayova	Kantor
---------------------	--------

Forfall:

Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Terje Mork	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2023/17		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2023/18		Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 13.03.2023	RUNE ZIENER
SR 2023/19		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2023/20		Årsrekneskap og årsmelding 2022	RUNE ZIENER
FR 2023/21		Budsjettjustering 2023	RUNE ZIENER
FR 2023/22		Stongfjorden kapell - eigaravklaring	RUNE ZIENER
SR2023/23		Kyrkjevalet 2023 (soknerådsvalet). Godkjenning av kandidatliste	RUNE ZIENER

Askvoll, 02.05.2023

Rune Ziener
referent

SR 2023/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre, men ein tok opp sak 21 til handsaming før sak 20.

SR 2023/18 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 13.03.2023

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 13.03.2023 som den ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 13.03.2023 som den ligg føre.

SR 2023/19 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 09/23 Høgtidsgudsteneste 28. mai – avskjed med Kjell Olav Høstaker Nordheim

M 10/23 Status Vilnes-prosjekta

M 11/23 Gravplassvedlikehaldet – orienteringar

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med følgjande tilføyning til sak M 09/23:

- Det vert sett opp kyrkjekaffi i kyrkja etter gudstenesta den 28. mai.

- Soknerådet set ned ein komité sett saman av Arnt Johny Langeland, Wenche Ness Gabrielsen, Karen Espedal Ingvild Loftheim og Sabina Baylarbayova for nærare planlegging av avskilsmarkeringa.

FR 2023/20 Årsrekneskap og årsmelding 2022

UTGREIING

Rekneskap og årsmelding for 2022 er lagt fram av kyrkjevevja.

Fristen er etter forskrift om økonomiforvaltinga for sokn i Den norske kyrkje § 17, 1. ledd 22. februar i rekneskapsåret, men ein har gått over denne.

Såleis vert ein også for seine med å fastsetje rekneskapen og årsmeldinga i rådet innan fristen 20. mars.

Revisor skal for kvart rekneskapsår avgje revisjonsberetning innan 30. april.

Driftsrekneskapen viser eit meirforbruk på kr 231.208,-, og etter forskrift om økonomiforvaltinga i sokn i Den norske kyrkje § 17, 7. ledd skal meirforbruk dekkast inn det året rekneskapen vert lagt fram, eller det påfølgjande året. Rådet kan i særskilte tilfelle forlenge fristen med ytterlegare to år.

Investeringsrekneskapen viser eit udekkka beløp på kr 316.315,-, og dette beløpet skal etter nemnte paragraf, 8. ledd, dekkast inn det året rekneskapen vert lagt fram.

Udekkka beløp i investeringsrekneskapen:

Soknet har ingen fondsmidlar tilgjengeleg som ein kan nytte til inndekking. I utgangspunktet kan ein heller ikkje flytte på investeringsmidlar, då desse er bunde opp til særskilte prosjekt.

For å få til eit gyldig rekneskapsvedtak må ein forutsetje inndekking t.d. gjennom tilleggsløyving frå kommunen i 2023.

Inndekking av meirforbruk i driftsrekneskapen 2022

Samla meirforbruk i driftsrekneskapen utgjer kr 231.308,-.

Det er viktig å sjå kor meirforbruken har oppstått i rekneskapen, i og med at ein i soknet skiller strengt mellom «forvaltningsdelen» som er finansiert med kommunalt tilskot og sal/avgifter og «kyrkjelydsdelen» som primært er finansiert med gåvemidlar og særskilte øyremerka midlar.

Funksjon	Meirforbruk
04332 Trusopplæring	57 870,-
04479 Kyrkjeblad	6 044,-
Meirforbruk kyrkjelydsarbeid	<u>63 914,-</u>

Denne delen av meirforbruket kan verte dekkka inn med bruk av fondsmidlar til kyrkjelydsarbeid. Inngåande balanse i dette generelle fondet til kyrkjelydsarbeid er kr 111.688,-.

Ein står då att med kr 47.774,- i fondet om ein dekker inn heile denne delen av meirforbruket.

Med i biletet her høyrer også at det er budsjettert med bruk av same fondet i 2023 kr 26.500,- for å dekke opp for berekna underfinansiering av trusopplæringa i 2023. I så fall

vil fondet verte redusert frå kr 111.688,- til kr 21.274,- i løpet av 2023.

Funksjon	Meirforbruk
04100-04300 (Adm/kyrkje/gravplass)	<u>167 394,-</u>

Når det gjeld forvaltningsdelen er meirforbruket langt større, og utgjer samla kr 167.394,- for funksjonane administrasjon, drift av kyrkjer og gravplassar. Her har ein ikkje tilgjengelege fond av nemneverdig storleik, så eventuell inndekking her må takast innan ordinær ramme med mindre ein får tilleggsøyving.

I eit krevjande budsjettår som 2023 vil det vere vanskeleg å ta dette meirforbruket med innsparingar på drifta, så ein må truleg vente minst til 2024 med inndekkingane (i samsvar med økonomiforskriften).

Ein kan nytte det ein har i disposisjonsfond og bunde fond innan relevant formål til å redusere manglande inndekking noko.

Disponible fondsmidler:

Meirforbruk til inndekking	167 394,-
Tilgjengeleg disposisjonsfond	- 10 349,-
Bunde fond festeavgifter	- 151,-
<u>Rest til inndekking frå 2023</u>	<u>156 894,-</u>

Årsmøte/soknemøte:

Etter kirkeordningen § 12, 7. ledd skal soknerådet ein gong pr. år gi soknemøtet ei orientering om det kristelege arbeidet i soknet. Her er ingen særskilt frist, med det er tradisjon for å gjere dette når årsmelding og rekneskap er ferdig.

Det var planlagt å gjennomføre årsmøte 16.04., men korkje rekneskap eller årsmelding var klare innan kunngjeringsfristen (14 dagar etter regler om formene for menighetsmøtets virksamhet § 1).

Ein må derfor finne ein ny møtedato.

I tida framover er det konfirmasjonsgudstenester og 17. mai.

Eit høveleg forslag kan vere 18. juni i Askvoll kyrkje.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek framlagte årsrekneskap og årsmelding for 2022.
2. Inndekking av udekka utgifter til investeringar i 2022 vert gjort med føresetnad om tilleggsøyving frå kommunen på kr 316.315,- i 2023. Søknad om tilleggsøyving vert oversendt Askvoll kommune.
3. Inndekking av meirforbruk i driftsrekneskapen for 2022 vert i utgangspunktet fordelt over fleire år, men i 2023 nyttar ein fondsmidler kr 74.414,- i 2023 i samsvar med tal i utgreiinga over.
4. Vedtakspunkta 2-3 vert innarbeidd i budsjettjustering for 2023 av kyrkjeverja.
5. Kyrkjelydens årsmøte vert sett til 18. juni i Askvoll kyrkje etter gudstenesta kl. 17.00.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek framlagte årsrekneskap og årsmelding for 2022.
2. Inndekking av udekka utgifter til investeringar i 2022 vert gjort med føresetnad om tilleggsøyving frå kommunen på kr 316.315,- i 2023. Søknad om tilleggsøyving vert oversendt Askvoll kommune.
3. Inndekking av meirforbruk i driftsrekneskapen for 2022 vert i utgangspunktet fordelt over fleire år, men i 2023 nyttar ein fondsmidler kr 74.414,- i 2023 i samsvar med tal i utgreiinga over.
4. Vedtakspunkta 2-3 vert innarbeidd i budsjettjustering for 2023 av kyrkjeverja.
5. Kyrkjelydens årsmøte vert sett til 18. juni i Askvoll kyrkje etter gudstenesta kl. 17.00.

FR 2023/21 Budsjettjustering 2023

UTGREIING

A) Inndekking for kjøp av skjerm og stativ til Kvammen kapell.

Kyrkjelydsutvalet i Kvammen har gått inn for å kjøpe inn skjerm og stativ til kapellet, og finansiere dette med fondet til utvalet.

Dette er kjøpt inn i mars til ein kostnad på kr 18.391,20 (ekskl. MVA).

Kjøpet bør verte innarbeidd i budsjettjustering:

32000.200.04400.000	Inventar og utstyr	18 000
34290.200.04400.000	MVA	4 000
37290.200.04400.000	Kompensert MVA	-4 000
39500.200.04400.000	Bruk av bunde fond	-18 000
SUM		0

B) Tilskot frå rettssubjektet Dnk til å gjennomføre kyrkjevalet 2023

Soknet har motteke kr 26.873,- i tilskot som skal gå t.d. til godtgjersle til valfunksjonærar, kjøp av valmateriell og annonsering. Det er forutsett at heile tilskotet skal nyttast til valformål.

Forslag til budsjettjustering:

30500.200.04100.000.8002	Godtgjersle folkevalde	20 000
31200.200.04100.000.8002	Forbruksmateriell, utstyr, etc.	4 000
31400.200.04100.000.8002	Annonsar, reklame, informasjon	3 000
38050.200.04100.000.8002	Tilskot frå rettssubjektet Dnk	-27 000
SUM		0

C) Ny instrumentløyising i Kvammen og Vilnes:

Det vert vist til tidlegare saksutgreiingar om heilskapleg plan for instrument i kyrkjene i Askvoll, herunder trong for restaurering eller nyinnkjøp av hvovudinstrument til Kvammen (lagt inn i soknet sitt økonomiplanvedtak med forslag til realisering i 2026 til ein kostnad av kr 400.000,-).

Asbjørn Flåm, som vi har nytta som orgelkonsulent i fleire prosjekt siste åra, har presentert ein idé.

Orgelet i Kvammen

Med bakteppet at orgelet i Kvammen ikkje let seg stemme utan større restaurasjon til ukjent kostnad, er dette ei løysing som ikkje tilrådd av korkje av orgelkonsulent eller orgelbygger, som har undersøkt instrumentet.

Om kyrkjevevja har forstått føreliggande rapportar korrekt er dette eit instrument utan økonomisk verdi.

Orgelet i Vilnes

Dette ber preg av å få stadig fleire skadar grunna eit svært rått inneklima, og kyrkjerommet

står uoppvarma opptil 1 måned av gangen. Dette skal ikkje vere bra for instrumentet. Føreslege løysing er då å flytte eksisterande orgel frå Vilnes, setje dette i stand og bruke dette i Kvammen kapell. Til Vilnes kan ein kjøpe inn ein synthesizer som er mindre var for svingingar i temperatur og luftfuktigheit.

- Pris på tilrådd synthesizer til Vilnes kyrkje er kr 20.000,-.
- Prisestimat på å setje i stand orgelet frå Vilnes er kr 49.000,- (forutsett at dette vert flytta på dugnad til Kvammen).

Potensiell innsparing på denne løysinga er omkring kr 330.000,- samanlikna med å skulle kjøpe eit nytt digitalt orgel til Kvammen kapell, og økonomisk synest dette som ei gunstig totalløysing.

Mogleg finansiering:

Soknet har eit orgelfond til Kvammen kapell på kr 24.442,- som kan nyttast til å få sett i stand Vilnes-orgelet der.

Det er ikkje noko særskilt orgelfond knytt til Vilnes, men der er eit kyrkjefond med inngåande balanse på kr 8.097,-

Full finansieringsløysing for dette «instrumentbyttet» vil i så fall føre til slik underfinansiering:

- Kvammen; Manglar kr 24.558,-
- Vilnes; Manglar kr 11.903,-
- Sum mangel kr 36.461,-

Soknet har eit fond for musikkutstyr Askvoll på kr 42.414,- (her er det noko uvisst kor mykje som knytter seg direkte til Askvoll kyrkje, og kva som er knytta til soknet).

Om ein går for ovanståande løysing kan ein foreslå at kyrkjelydsutvalet i Kvammen betalar halvparten av restbehovet etter at orgelfondet er brukt opp med kr 12.279,- frå fond for kyrkjelydsutvalet.

Ein kan då nytte kr 24.182,- frå fondet til musikkutstyr Askvoll.

Total budsjettjustering for instrumentløysinga vert då slik:

32000.200.04200.000	Inventar, utstyr m.v.	20 000,-
32000.200.04200.000	Inventar, utstyr m.v.	49 000,-
39500.200.04200.000	Bruk av bunde fond (7005 – Vilnes kyrkje)	- 8 000,-
39500.200.04200.000	Bruk av bunde fond (7001 – orgel Kvammen)	-24 500,-
39500.200.04200.000	Bruk av bunde fond (7052 – kyrkjelydsutval Kvammen)	-12 500,-
39500.200.04200.000	Bruk av bunde fond (7014 – musikkutstyr Askvoll)	-24 000,-
SUM		0,-

Samla justeringsforslag for punkta A-C over vert då:

Budsjettpost	Justering
30500.200.04100.000.8002	20000
31200.200.04100.000.8002	4000

31400.200.04100.000.8002	3000
32000.200.04200.000	69000
32000.200.04400.000	18000
34290.200.04200.000	5000
34290.200.04400.000	4000
37290.200.04200.000	-5000
37290.200.04400.000	-4000
38050.200.04100.000.8002	-27000
39500.200.04200.000	-69000
39500.200.04400.000	-18000
SUM	0

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedteke budsjettjusteringar i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Ein legg då inn som føresetnad at kyrkjelydsutvalet i Kvammen ønskjer å nytte kr 12.500,- frå utvalet sitt fond for å få på plass ei slik totalløysing, og utvalet vert spurt om dette.
3. Søknad om flytting av orgelet går til biskopen i Bjørgvin.

MØTEHANDSAMING

Etter drøftingar i møtet i saka, endra kyrkjeverja si innstilling slik:

Endra pkt. 1 til:

1. Askvoll sokneråd vedteke budsjettjusteringar i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja, punkta A-B.

Vedtaks punkt 2 og 3 vert stroke.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedteke budsjettjusteringar i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja, punkta A-B.

FR 2023/22 Stongfjorden kapell - eigaravklaring

UTGREIING

Bakgrunn for saka:

Askvoll sokn har fått ei henvending frå Normisjon, Region Sogn og Fjordane, om eigarforhold vedrørende Stongfjorden kapell.

Normisjon har undersøkt ulike registre/grunnbøker, og kan ikkje sjå at det ligg føre registreringar om delt eigarskap med soknet, men at grunnboksutskrift viser at Stongfjorden Indremisjon er oppført som rettmessig eineeigar.

Det er bedt om synspunkt frå soknet vedrørende eigarskapsforhold.

Vurdering:

Det har i fleire år vore ei utbreidd forståing lokalt i kommunen om at soknet eig halve bygget etter at kommunen finansierte ei påbygging med m.a. tårnparti i forkant av vigslinga av bedehuskapellet til kyrkjeleg bruk.

Dei vedlagte grunnboksopplysningane som Normisjon har oversendt, tilseier at Stongfjorden Indremisjon er eineeigar av bygget. Kyrkjeverja kjenner ikkje til formelle/tinglyste opplysningar som tilseier at Askvoll sokn har noko eigarskap til bedehuskapellet, og har heller ikkje funnet noko arkivmateriale som tilseier noko anna.

Med føreliggande opplysningar synest det som om Stongfjorden Indremisjon er einaste rettmessige eigar av kapellet.

Konklusjon:

Askvoll sokn bør kunne fråseie seg alle eigarrettigheter til Stongfjorden Bedehuskapell då det ikkje er sannsynleggjort at slike særrettar ligg føre.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd kan ikkje sjå at det ligg føre særskilt rettsgrunnlag som tilseier at Stongfjorden kapell ligg innanfor soknet sitt eige.
2. Soknet har interesse av å gjennomføre gudstenester og kyrkjelege handlingar i samsvar med føringar i gjeldande forordning.
3. Soknet ønskjer såleis ein bruksavtale med rettmessig eigar.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd kan ikkje sjå at det ligg føre særskilt rettsgrunnlag som tilseier at Stongfjorden kapell ligg innanfor soknet sitt eige.
2. Soknet har interesse av å gjennomføre gudstenester og kyrkjelege handlingar i samsvar med føringar i gjeldande forordning.
3. Soknet ønskjer såleis ein bruksavtale med rettmessig eigar.

SR 2023/23 Kyrkjevalet 2023 (soknerådsvalet). Godkjenning av kandidatliste

UTGREIING

Frist for levering av listeforslag til soknerådsvalet 2023 er i valreglene sett til 31. mars kl. 12.00.

Innan fristen har valstyret motteke eit listeforslag.

Det er soknerådet sin nominasjonskomité saman med forslagsstillarar (til saman 10 personar med stemmerett til kyrkjevalet) som har levert listeforslaget, 16. mars.

Valstyret har frist til 2. mai med å godkjenne innkomne listeforslag.

Eit listeforslag skal verte godkjent om dei formelle krava er stetta.

Kyrkjeverja har kontrollert at dei formelle krava er stetta.

Nominasjonskomitéen sitt listeforslag ser slik ut:

NR	Namn	Født	Bustad
1	Jostein Gryte	1953	Kvammen
2	Wenche Ness Gabrielsen	1956	Askvoll
3	Lillian Oddekalv Gjervik	1955	Atløy
4	Synnøve Melvær	1970	Bulandet
5	Terje Mork	1960	Holmedal
6	Gro Eikebø Stang	1975	Stongfjorden
7	Vidar Kaland	1966	Askvoll
8	Astri Thorsen Landøy	1964	Værlandet
9	Frida Melvær	1971	Askvoll
10	Jarle Magnus Vilnes	1956	Atløy
11	Stian Lykkebø	1976	Kvammen
12	Sigmund Rivedal	1944	Holmedal
13	Stine Solheim Rørvik	1989	Askvoll
14	Karen Anny Espedal	1954	Holmedal
15	Arnt Johnny Langeland	1949	Askvoll
16	Dag Erlend Grane	1970	Atløy

INNSTILLING

1. Valstyret godkjenner det innkomne listeforslaget som nominasjonskomitéens liste.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Valstyret godkjenner det innkomne listeforslaget som nominasjonskomitéens liste.